



Referat frå årsmøtet i Breivika Båthavn 2020.

Årsmøtet blei halde i klubbhuset i Breivika tysdag 18. februar 2020 kl. 18.00 – 18.40. Det møtte 11 medlemmer og det blei lagt fram 1 fullmakt. Dette gav årsmøtet totalt 12 røysteføre. Styreleiar Kjell-Atle Reksten ønska vel møtt til årsmøtet.

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Innkalling og sakliste blei samrøystes godkjendt. Styret vil legge komande årsmøter utanom vinterferietida.

2. Valg av møteleiar.

Einar Jacobsen blei valgt til møteleiar. Samrøystes.

3. Valg av referent.

Stein Malkenes blei valgt til referent. Samrøystes.

4. Valg av to medlemmer til å skrive under årsmøteprotokollen.

Gunnleiv Hollevik og Martin Inge Kjerpeseth blei valgt til å skrive under årsmøteprotokollen. Samrøystes.

5. Årsmelding 2018.

Styreleiar Kjell-Atle Reksten leste årsmeldinga og denne blei kommentert av årsmøtelyden undervegs. Nokre praktiske spørsmål blei drøfta og avklart. Styret takka for innspel. Etter dette blei årsmeldinga samrøystes vedteken.

6. Rekneskap 2018.

Revisjonsrapport var sendt ut på førehand til medlemmer med epost. Kasserer Einar Jacobsen orienterte og gjekk gjennom rekneskapen for 2019 post for post. Nokre av postane blei kommentert, drøfta og avklart. Mellom anna vil kasserer kontakte banken for å sjå om renta kan reduserast. Rekneskapen blei deretter samrøystes vedteken.

7. Utleigeprisar.

Einar orienterte og viste til styret sitt framlegg om å halde på prisnivået frå 2019. Dette mellom anna fordi utleigemarknaden er endra. Saka blei så drøfta av årsmøtet. Samrøystes vedteken.

8. Pris på båt plassane.

Einar orienterte og foreslo på vegner av styret 4% prisauke frå 2019. Saka blei kommentert og drøfta av årsmøtet. Samrøystes vedteken.

9. Budsjett for 2019.

Budsjettet for 2019 blei lagt fram med eit driftsoverskot på kr. 5 000,00. Einar gjekk gjennom budsjettet post for post. Etter gjennomgangen blei budsjettet for 2020 samrøystes vedteke.



10. Saker frå styret.

10.1. Manglande innbetalingar frå leigeplassar og slipping

Kjell-Atle orienterte og la fram styret si tilråding: *Årsmøtet ber styret etablere inkasso-ordning.* Nokre spørsmål blei reist og drøfta. Det blei gjort framlegg om at etablering av inkasso-ordning innførast som ei prøveordning for eit år. Samrøystes.

10.2. Regulering av ekstern bruk av båtvognslipp

Kjell-Atle orienterte og la fram styret si tilråding: *Årsmøtet gjev styret fullmakt til å innføre regulerande tiltak og betalingsordning ved ekstern bruk av båtvognslippen.* Årsmøtet var einige med styret og kom med innspel til moglege løysingar. Desse blei drøfta. Styret følger opp innspela og set i verk ordninga. Samrøystes.

11. Innkomne framlegg

Det var ikkje meldt inn saker til årsmøtet innan fristen.

12. Vedtektsending

Det var ikkje kome inn framlegg til vedtektsendingar.

13. Ymse

Det var ikkje meldt inn saker under Ymse.

14. Valg


Kjell-Atle la fram valnemnda si innstilling til val:

Kasserar:	Einar Jacobsen	(på val for 2 år)
Skrivar:	Stein Malkenes	(på val for 2 år)


Begge blei samrøystes valgt med akklamasjon.

Årsmøtet slutt kl 18:40/sm

Årsmøteprotokollen er gjennomgått og godkjend:



Martin Inge Kjerpeseth



Gunnleiv Hollevik